



### «MaZurka remaking – Chopin»

Med Nils Henrik Asheim og  
Gjertruds Sigøynerorkester  
Lawo Classics – 2010

## Chopin i kaleidoskopet

**Chopin sine mazurkaer** for klaver er mellom det vakraste vakre av musikk. Eg assosierer komponisten sine stykke i valse-takt med smektande framføringar, der tid og taktstrek er relative omgrep, men der opplevinga av tid likevel er stringent. Denne musikken er virtuos og melankolsk på same tid.

**Nils Henrik Asheim** og Gjertruds Sigøynerorkester byd på dette vakraste vakre når dei tolkar Chopin sine stykke. Men dei gjev oss òg noko anna. Komponisten fortel i platecoveret om stykka som han av uviss grunn tok føre seg i spelet sitt, dag etter dag, gjennom eit år til endes. Dette er musikk han har tenkt på, vridd og knadd og med sigøynerorkestret har han leikt og stilt spørsmål: Kva kan me gjera med dette?

**Resultatet deira** er eit kaleidoskop av tolkingar, der form og farge endrar seg for kvar einaste dans. Slik sit ein att med eit vidd av inntrykk. Ein mazurka er ein karikert versjon av originalen medan ein annan let fjern og svevande. I ein tredje lyttar me til den enkle og sensuelle rytmen. I ei fragmentarisk og brå mazurka gjer utøvarane opprør mot Chopin sin vare melankoli, før dei atter i ein mazurka fokuserer på det inderlege i uttrykket og strekkjer sentimentale klangar til det ytste.

**Gjennom det heile** har dei med seg fleksibiliteten til Chopin: rytmen som er logisk men ikkje stram. Særleg fascinerande er opninga på plata, der få anslag finn stad på likt og utøvarane vert heilt individuelle i samspelet som nettopp derfor let svært tett samanvevd.

**Utøvarane tek med** seg både det virtuose og melankolske frå Chopin og krydrar det med moderne og gamle lydar. Denne samansetjinga, av spelemåtar og effektar samt av nye og gamle instrument, gjer at lyden kan klinga sprø og gamal. Dette sinnrike rørende uttrykket har eit eventyrleg preg over seg, og byd på stadig nye bilete: Det anbefalast gjerne.

**IDA**

**HABBESTAD**



**Dagsavisen**

**06.11.10**